

ORDENSREGLEMENT

§ 1 HEIMEL

Ordensreglementet er heimla i opplæringslova, kapittel 9A Elevane sitt skulemiljø, forskrift til opplæringslova og forskrift til ordensreglement for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune. Ordensreglementet for Hafstad vidaregåande skule vart sist revidert og vedteke i skuleutval 16.07.2019. 01.08.20 vart endringane i §3-4 i oppll om orden og åtferd lagt inn.

§ 2 FØREMÅL

Reglementet skal gje retningsliner for utvikling av eit godt samarbeid for å fremje trivsel og helse, respekt og medansvar. Reglementet skal òg fremje god orden og gode arbeidsvanar og slik legge til rette for god læring.

§ 3 VERKEOMRÅDE

Reglementet gjeld alle som er under opplæring i skulen sin regi. Det gjeld ved opplæringsformer og aktivitetar som skulen organiserer og har ansvar for, også utanfor skulen sitt område òg utanom ordinær skuletid, t.d. på ekskursjonar.

§ 4 ELEVEN SINE RETTAR

Du har rett til vidaregåande opplæring i samsvar med opplæringslova, fylkeskommunale vedtak og gjeldande forskrifter og læreplanar.

4.1 Du har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Dette inneber at alle som jobbar i skulen har plikt til å *følgje med, gripe inn og varsle* ved mistanke og kjennskap til at elevar ikkje opplever skulemiljø som trygt og godt. Skulen skal då *undersøkje og setje inn tiltak*, nedfelt i ein skriftleg plan.

4.2 Du har rett til opplæring, hjelp og rettleiing i samsvar med gjeldande lov og forskrifter, inkludert yrkesrettleiing.

4.3 Du har rett til opplæring tilpassa evnene og føresetnadene dine.

4.4 I samarbeid med læraren skal du kunne delta i planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa i samsvar med lov, forskrift og læreplanar.

4.5 Du har rett til vurdering av kunnskap og ferdigheiter du oppnår i høve til måla i læreplanane.

4.6 Du har rett til jamleg vurdering og framovermelding undervegs, og sluttvurdering.

4.7 Du har rett til forebudd elevsamtale med skulen, vanlegvis med kontaktlærar eller faglærar, minst ein gong kvart halvår.

4.8 Du har rett til å, og bør, ta opp med skulen tilhøve som ikkje fremjar trivsel og eit godt læringsmiljø,

- Dårlig læringsmiljø, t.d. mobbing, trakkassering og utestenging
- at læreplanane ikkje blir følgde
- at du ikkje får den hjelpe og rettleiing du har bede om
- manglar ved utstyret som blir nytta i opplæringa
- at du ikkje får delta i planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa.

4.9 Ved faglege, personlege eller sosiale vanskar, som har innverknad på opplæringa, har elevane rett tilrådgiving og oppfølging. Elevane har krav på tilgang til sosial- og spesialpedagogisk teneste.

4.10 Eleven har rett tilrådgiving om utdanning og yrkesval.

4.11 Elevane har rett og plikt til å opprette elevråd. Skulen skal legge til rette for best mogelege arbeidstilhøve for elevane og elevorganisasjonane sine tillitsvalde. Elevrådsrepresentantar har rett til regelmessige møte med skuleleiinga.

§ 5 ELEVEN SINE PLIKTER

Du har plikt til å rette deg etter pålegg frå dei tilsette ved skulen og det som er fastsett i lov, reglement og instruksar.

5.1 Du skal møte til undervisninga til fastsett tid og ha med deg lærebøker og anna nødvendig utstyr for aktiv deltaking i opplæringa

5.2 Du har plikt til å føre og grunngje fråværet ditt i VIS. I høve fråvær blir det elles vist til gjeldande fråværsreglementet for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune.

5.3 Du har plikt til å skaffe deg det undervisningsutstyret og det opplæringsmateriellet som vert kravt

5.4 Du har plikt til å vere aktivt med i opplæringa.

5.5 Du har plikt til å samarbeide med faglærar slik at faglærar får tilstrekkeleg vurderingsgrunnlag

5.6 Du har plikt til å følgje dei vernereglane og bruke det verneutstyret som vert kravt.

5.7 Du har plikt til å vere med å skape eit godt arbeidsmiljø og gode samarbeidsformer som fremjar trivsel og respekt for alle elevar og tilsette ved skulen.

5.8 Du har plikt til å ta omsyn til og oppdre realt og høfleg overfor andre. Plaging, mobbing, vald eller anna krenkande åtferd blir ikkje akseptert og alle har plikt til å hindre at slikt skjer.

5.9 Dersom du ønskjer å avslutte opplæringa di før kurset er fullført, må du gje skriftleg melding om det.

5.10 Du har plikt til å følgje IKT-reglementet for elevar og tilsette i vidaregående opplæring i Vestland fylkeskommune, i tillegg til skulen sine eigne IKT-reglar. Viser elles til reglement for elev-PCår.

§ 6 ORDEN

Orden heng saman med om eleven er punktleg, førebudd og følgjer opp arbeid. Viser til § 3-4 i forskrift til oppll.

6.1 God orden er mellom anna følgjande:

- At du viser vanleg god arbeidsinnsats
- At du møter fram presis
- At du har med deg det du treng av bøker, notat eller anna nødvendig undervisningsmateriell
- At du skaffar deg nødvendig undervisningsmateriell så fort som mogeleg
- At du rettar deg etter instruksar, meldingar og påbod
- At du melder frå om planlagt fråvær og fører og grunngir fråværet ditt i Skulearena
- At du leverer arbeid o.a. til avtalt tid

§ 7 ÅTFERD

Åtferd heng saman med om eleven viser omsyn og respekt for andre. Viser til § 3-4 i forskrift til oppll.

7.1 God åtferd er mellom anna følgjande:

- At du er omsynsfull, real og høfleg
- At du ikkje mobbar eller plagar nokon (gjeld også mobiltelefon, Internett etc.)
- At du respekterer andre sine meiningar
- At du ikkje fuskar eller prøver å fuske (sjå §9)
- At du respekterer ei avgjerd som er teken
- At du held avtalar
- At du ryddar opp etter deg
- At du ikkje er årsak til bråk og uro i timen
- At du følgjer avtalte spelereglar

§ 8 FORBOD / IKKJE AKSEPTERT ÅTDERD

8.1 Det er forbode å vise seg rusa og bruke eller oppbevare rusmiddel på skuleområdet. Ved mistanke om at enkeltelevar bruker, oppbevarer eller sel narkotiske/rusholdige stoff på skulen sitt område, vil forholdet bli meldt til politiet. Politiet kan då med heimel i kap. 15 i Straffelova utføre ransaking av desse elevane og eignelutane deira, dersom det ligg føre rimeleg grunn til mistanke.

8.2 Det er forbod mot tobakksbruk, inkludert e-sigarettar både med og utan nikotin, i skulen sine lokale og på skulen sine område, heile døgnet.

8.3 Det er forbod mot tobakksbruk i skuletida.

8.4 Det er ikkje lov til å nytte skulen sitt datautstyr til å laste ned, lese eller spreie pornografisk, rasistisk eller anna materiale som kan oppfattast som krenkande eller i strid med norsk lov.

8.5 Det er forbode å ha med seg farlege gjenstandar eller våpen på skulen sitt område.

8.6 Det er forbod mot å bade i elva i skuletida utan tilsyn av lærar.

§ 9 FUSK / FORSØK PÅ FUSK

9.1 Fusk, eller forsøk på fusk, blir sett på som ei uærleg handling, og er brot på gjeldande forskrifter og reglement. Fusk eller forsøk på fusk er t.d.

- å gje eller prøve å gje eller formidle hjelp til andre i ein prøvesituasjon
- å ta imot slik hjelp
- å ha eller bruke hjelphemiddel som ikkje er tillatne etter at prøva er delt ut
- å utveksle Feide-passord eller nytte mobilt breiband, Dropbox o.l.

Fusk fører til at karakteren på prøva blir annullert. Fusk fører normalt til nedsett karakter i åtferd. Ved fusk kan eleven bli prøvd på nytt ved første høve utan melding på førehand.

9.2 Når alle hjelphemiddel er tillatne, blir følgjande rekna som plagiat: Avskrift/kopi av andre sitt arbeid (t.d. tekstar frå Internett, bøker eller elevarbeid) som er innlevert som eige produkt utan å gje opp kjelder.

Dersom eleven ikkje gir opp kjelder som er brukte, blir den delen av arbeidet som er plagiat, vurdert til låg måloppnåing. Plagiat fører ikkje til merknad eller nedsett åtferdscharakter.

§ 10 ESKURSJONAR / STUDIETURAR

Når du deltek på ein ekskursjon organisert av Hafstad vidaregåande skule, er tidsrommet mellom avreise og heimkomst å sjå på som skuletid, og skulen sitt reglement gjeld.

10.1 I tillegg til ordensreglementet må du rette deg etter:

- ekskursjonsreglementet ved skulen
- reglar som ekskursjonsansvarleg lærar utarbeider saman med elevane
- påbod frå ekskursjonsansvarleg/medreisande lærar(-ar).

10.2 Ekskursjonar er eit ledd i opplæringa. Alle arrangement er ein del av det faglege opplegget og er difor i utgangspunktet obligatoriske.

§ 11 PC OG INTERNETTBruk

Det er eit mål at elevane får utvikla «godt nettvett», auka medvit om kjelder, kjeldekritikk og eit reflektert forhold i høve fagleg relevans.

11.2 Det er den enkelte faglærar som avgjer om bruk av internett har relevans i høve det faglege opplegget for timane.

11.3 Viser elles til punkt 5.10. i høve IKT- reglement og elev-pc.

§ 12 SANKSJONAR MOT BROTT PÅ ORDENSREGLEMENTET

Brot på ordensreglementet kan, i tillegg til nedsett karakter i orden og/eller i åtferd, føre til refsingstiltak eller særskilte tiltak ved alvorlege brot på ordensreglementet.

12.1 Refsingstiltak kan t.d. vere:

- Påtale/ irettesetting frå (overordna) ein av dei tilsette ved skulen
- Merknad/registrering av uønskt åtferd eller orden
- Faglærar kan vise eleven bort frå ei undervisningsøkt for inntil to klokketimar

- Ved skade og liknande på skulen sin eigedom kan det bli stilt krav om reingjering/istandsetting eller økonomisk erstatning.

12.2 Særleg tiltak ved alvorlege brot:

- Tap av tilgang til spesielle aktivitetar eller rettar, etter avgjerd frå rektor
- Rektor kan, etter å ha samrådd seg med eleven sin lærar, vedta bortvising for inntil fem dagar.
- Fylkeskommunen kan vedta bortvising for resten av skuleåret.

§ 13 SAKSHANDSAMINGSREGLAR

- 13.1 Før refsingstiltak vert sett i verk, skal eleven ha høve til å forklare seg (direkte til den som fattar vedtak om refsing).
- 13.2 Særskilt tiltak kan nyttast dersom tilhøva ikkje betrar seg etter bruk av refsingstiltak og dei hjelpetiltaka skulen rår over.
- 13.3 Særskilte tiltak blir rekna som enkeltvedtak etter Forvaltningslova. Eleven har såleis rett til å bli orientert om rettane sine med omsyn til dokumentinnsyn, partsuttale, saksgang og klage, i tråd med FVL kap. IV-VI.
- 13.4 Før særskilt tiltak vert sett i verk, skal det sosialpedagogiske personalet ha hatt høve til å uttale seg.
- 13.5 Før det blir fatta vedtak om særskilte tiltak, som bortvising eller tap av rettar, skal eleven ha skriftleg varsel med opplysningar om grunnlaget for vedtaket, jf. Forvaltningslova, §16
- 13.6 Klage på vedtak om særskilte tiltak frå rektor, skal rettast til Opplæringsavdelinga i Vestland fylkeskommune.
- 13.7 Klage på vedtak gjort av fylkeskommunen om bortvising for resten av skuleåret skal rettast til Statsforvaltaren (tidl. Fylkesmannen).

§ 14 SÆRSKILTE TILLSREGLAR

- 14.1 Skuleanlegg og skulen sitt utstyr skal vernast om og brukast med varsemd og omtanke. Du kan gjerast økonomisk ansvarleg for det du eventuelt øydelegg.

Elevane skal nytte tilviste oppslagstavler. Alle oppslag skal daterast og underskrivast med fullt namn. Alle oppslag, plakatar o.a. skal ha skulen sitt stempel.

- 14.2 Parkeringsplassane på skulen sitt området er for tilsette og besökande. Parkering skal skje på merkt område. Elevar skal nytte parkeringsplassen ved Festplassen. Syklar skal setjast på tilviste stader.
- 14.3 Mobiltelefon skal vere avslått og i veska i timane. Det er normalt ikkje høve til å nytta MP3-spelar, I-pod og liknande i timane.
- 14.4 Skulen syter for transport av elevar i samband med aktivitetar i skulen sin regi (t.d.

fjelldagar). Elevar har difor ikkje lov til å nytte eigne transportmiddel i slike høve. I heilt spesielle tilfelle kan lærarar gjere avtale om andre ordningar med myndige elevar.

- 14.5 Etter avtale med rektor kan elev- og ungdomsorganisasjonar, inkludert politiske parti, drive organisasjonsarbeid og politisk aktivitet på skulen, i og utanom skuletida. Aktivitetane skal gjennomførast på tilvist plass, og dei skal ikkje gå ut over undervisninga.
- 14.6 Elevar ved Hafstad vidaregåande kan gi ut skuleavis. Avisa skal ha ein ansvarleg redaktør. Dersom denne eleven ikkje er myndig, må han/ho ha skriftleg løyve frå foreldre/føresette. Personforfølging og sjikane må ikkje få rom i avisat.
- 14.7 Alle typar russekledde og russeffektar skal ikkje nyttast på skulen før 1. mai
Russeaktivitetar skal ikkje uroe undervisning, heildagsprøvar og eksamen. Skulen skal ikkje vere ein arena for negative handlingar som følgje av t.d. "knutereglar". Det skal inngåast forpliktande avtale mellom russen og rektor
- 14.8 Billettsal eller anna kommersiell verksemد må ikkje gå føre seg på skulen sitt område, utan etter godkjenning frå skuleleiinga.

§ 15 SAMARBEID MELLOM SKULE OG HEIM/FØRESETTE

Det skal leggjast vekt på å skape gode samarbeidsforhold mellom skule og heim.

Foreldre og føresette til elevar som ikkje er myndige, har krav på informasjon om tilhøve som kan ha noko å seie for i kva grad eleven når måla i opplæringa.

15.1 Slik samarbeid vert organisert gjennom foreldremøte og/eller ved konferanse mellom foreldre/føresette og skulen.

15.2 Elevar og foreldre/føresette til elevar under 18 år har rett til slik informasjon:

- Informasjon om ordensreglementet
- Melding om termin- og standpunkt-karakter
- Melding om at eleven har høgt fråvær
- Varsel om fare for at eleven ikkje får vurdering i fag, og grunnen til dette.
- Varsel om fare for nedsett karakter i orden og/eller åtferd, og grunnen til dette.
- Informasjon om rettane til eleven og om saksgangen i samband med refsingstiltak, særskilte tiltak og klage
- Informasjon dersom ein vesentleg del av opplæringa skal gå føre seg utanfor skulen
- Informasjon om spesielt risikofull opplæring/aktivitet
- Informasjon om særskilde problem i forhold til opplæringa/skulegangen og behov for spesialundervisning og/eller sosialpedagogiske tilbod
- Informasjon om høve til å samarbeide om å utforme sosialpedagogiske tilbod til eleven

§ 16 ORGANISASJONSARBEID OG POLITISK AKTIVITET I SKULETIDA / PÅ SKULEN

- 16.1 Etter avtale med rektor kan elev- og ungdomsorganisasjonar, inkludert politiske parti, drive organisasjonsarbeid og politisk aktivitet på skulen i og utanom skuletida. Aktivitetane skal gjennomførast på tilvist plass, og dei skal ikkje gå ut over undervisninga.